

163/32

Skyldskifte

DAGBOKFØRT

03.DES80 08614

SØRENSKRIVAREN I
NORDHORDLAND

Laur dag den 8. november 1980 heldt me underskrivne, som er oppnemnde
av lensmannen, skyldskifte på garden Fjellanger

gr.nr. 103 br. nr. 6 med skyld mark 1,53 i Lindås herad.
Hjalmar Fjellanger

har kravt skyldskifte og har grunnboksheimel
til egedomen.¹⁾
Oppnemninga av skyldskiftemennene ligg ved. Dei har gjeve skjønsmannslovnad så nær
som²⁾


Ved tenesta møtte Lars Jørgen Hauge, Karl Fanebust og Erling Bergås
Av partane³⁾ kjøpar John A. Fjellanger og seljar Hjalmar
Fjellanger.

Av grannane³⁾ ingen.

Til formann vart vald Erling Bergås

Opplysningar om den/dei part/partar av egedomen som er fråskild:

1. Vidd: Dyrka jord dekar, naturleg eng og kulturbeite dekar,
produktiv skog dekar, anna vidde 1,5 dekar — i alt 1,5 dekar.
2. Grensene⁴⁾ til den/dei fråskilde part/partar: i kross i berg på austsida
av gardsvegen i grenselina med bnr. 3 14 m. søraust for riks-
vegen, følgjer gardsvegen i sørleg lei 39,3 m. til kross i berg,
går vidare i same retning 8,6 m. til merkestein med vitne,
vinklar og går i austleg lei 35,6 m. til merkestein med vitne,
vinklar og går i nordvestleg lei 40,9 m. til kross i berg,
vinklar og går i vestleg lei 28,8 m. til kross i berg, vinklar
lite og går vidare i vestleg lei 5,7 m. attende til utgangs-
punktet.



¹⁾ Utan at den som har kravt skyldskifte har grunnboksheimel, eller det er sagt dom for at han eig den fråskilde egedomen, kan ikkje skyldskiftet godtakast til tinglysing. (§ 1 i lov om skyldskifte.)

²⁾ Er det nokon av skyldskiftemennene som ikkje har gjeve lovnad som er nemnt i § 20 i lov nr. 1 frå 1917, skal han før tenesta tek til skriva under ei fråsegn med denne ordlyden: «Eg lovar at eg i alle sakar vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding den 19..... (underskrift.) Denne fråsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftedokumenta.

³⁾ Er det nokon av grannane eller partane i skyldskiftet som ikkje møter, må ein her skriva om det er prova at dei er varsla. Like eins om det er grannar ein har funne det uturvande å varsla (§§ 2 og 8 i skyldskiftelova).

⁴⁾ Sjå §§ 3 og 8 i skyldskiftelova. Ein skal ikkje skriva grensene mot granneeigedomten utan at eigaren er til stades og samtykkjer i det som vert skriva. Har nokon av partane kravt at skyldskiftemennene skal avgjera sjølve markeskilet, samstundes med skyldskiftet, (§ 7 i lova), må dei her skriva det som trengst. Det må ikkje skipast bruksrett eller servitut i skyldskiftet, utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimel til den egedomen heftet gjeld (§ 5 i lova).